

Fritak frå politiske verv

Folkevalde blir valde inn i politiske verv i kommunen ved kommunestyrevalet kvart fjerde år. Dersom ein folkevald må tre ut av sitt verv før valperioden er over, følgjer ein kommunelova §§ 7 -9 og 7 – 10 om fritak og supplering/nyval.

At ein folkevald trer ut av sitt verv kan kome av fleire årsaker:

- Personen har flytta ut og blitt folkeregistrert i ein annan kommune.
- Den folkevalde har på grunn endra livssituasjon ikkje høve til å skjøtte vervet sitt utan vesentleg ulempe for vedkomande.

Mellombels permisjon eller fritak for resten av valperioden?

- Viss ein folkevald flyttar til ein annan kommune har han/ho rett på å tiltre vervet igjen dersom ein flyttar tilbake til kommunen innan to år.
- Ved søknad om fritak på grunn av endra livssituasjon skal kommunestyret vurdere om grunnlaget for søknaden var kjent allereie ved samtykket om å bli valgt.
- Ein folkevalgt som har fått midlertidig fritak har ikkje rett på å tiltre før permisjonsperioden er over.

Opprykk, nyval og suppleringsval

- Dersom ein folkevald til kommunestyret får permisjon frå vervet i tre månadar eller meir, kan kommunestyret sjølv velge ein settemedlem for fritaksperioden. Det er då første varamedlem på lista som skal tre inn.
- Dersom ein folkevald trer endeleg ut av sitt verv i kommunestyret skal første varamedlem på lista tre inn.
- Ved uttreden i andre politiske komitear og utval skal vara frå same gruppa som den fritekne velgast inn. Gruppa sjølv kan foreslå medlem som skal settast inn, og informere formannskap og kommunestyre som tek den endelege avgjerda.

Søknad om fritak frå politiske verv i Giske kommune skal sendast skriftleg til politisk sekretær Ingvild Nautvik i så god tid som råd før ønska fritaksdato.

Søknaden kan anten sendast elektronisk til ingvild.nautvik@giske.kommune.no eller i post til Giske kommune, Valderhaug 4, 6050 Valderøy.